

# HEIMEMISJONEN

nr. 1 - 2018 - 100. årgang  Sunnmøre Indremisjon

## Trufast i misjonens teneste



**I disse dagar kan Marit Vingen sjå tilbake på førti års teneste i Sunnmøre Indremisjon. Arbeidsoppgavene og kontorforholda har skifta, men Marit er den same, alltid blid, smilande og imøtekommande mot alle som stikk innom administrasjonslokala i Vikakroken midt i Spjelkavik sentrum.**

Marit er fødd Bjørlykhaug og er frå Samfjorden ved Brattvåg. Ho er einbarn og vaks opp på eit lite småbruk, og der bur ho enno saman med mannen, Ingbjørn Vingen.

Første møtet med indremisjonen fekk ho på leir på Brusdalsheimen

som barn. Men ho lika seg berre sånn passeleg på leirsamlingane. Det verka meir spennande å vere på kjøkkenet, stella med mat og servere leirdeltakarane. På den måten fekk Marit gode venner i misjonen, og vennskapet har halde heile livet. Det vart mange dagar og veker som kjøkkenjente.

Etter gymnas-tida hadde ho det klart for seg at det var i Sunnmøre Indremisjon ho ville søkje arbeid. I slutten av 70-åra held indremisjon til i Skaregata i Ålesund under namnet AS Indremisjonsheimen, med bokhandel, kafe', begravelsesbyrå og krinskantor. Det var ledig stilling både i bokhandelen og på kontoret, Marit valde kontorstillinga sidan ho hadde økonomisk gymnas. Stillingsnemninga var forretningsfører, men i den tida så var dei saman om alt som skulle gjerast. Arbeisoppgavene var mange og

varierte. Når talarane kom tilbake frå møteveke sine med alle kollektane i kontantar, måtte Marit fylle veska si med setlar og myntar og gå i banken. Heldigvis var det ingen som låg på lur for å rane den unge jenta med pengeveska! Rekneskapet førde Marit for hand i store protokollar, minnest ho. Brev og anna tekst vart skrive på enkle skrivemaskiner. Dei hadde berre ei elektrisk skrivemaskin på kontoret, og den hadde dei arva frå ein møbelfabrikk.

Noko av det mest spennande med å arbeide i misjonen, var alle folka ho fekk møte, fortel Marit Vingen. Alle talarane var innom kontoret når dei var i byen, i tillegg møtte ho mange av misjonsvennene som hadde eit ærend. Sekretærene i dei andre kristne organisasjonane måtte også innom for å slå av ein prat med Gunnar Kjode, som var krinssekretær over ein lang periode. På den måten fekk Marit bli kjend med mange misjonsprofilar i sunnmørsbyen.

Ein dag kom det ein ung rogalending inn døra, han smilte ekstra fint då han fekk sjå Marit. Talaren frå Kvitsøy kom att fleire gonger, og snart vart det forlovelse og giftarmål.

I 2009 flytte indremisjonen administrasjonen sin til Spjelkavika. Eit par år etter skulle gravferdsbyrået tilsetje ny dagleg leiar, og det naturlege valet var Marit. Med sin omsorgsfulle veremåte passa ho godt i ei slik stilling. Ho har vore ein trufast medarbeidar. Berre ein gong har ho hatt permisjon, og det var for å gå på bibelskule i Bergen nokre månader.

Etter tretti års innsats fekk Marit Norges Vels medalje. No har ho site på kontorkrakken ti år til. Arbeidslyst og pågangsmot skorta det ikkje på. Sterk har ho også vore. Berre ein gong har

ho erfart at kreftene ikkje strakk til. Det var då dei skulle flytta den tunge safen over i nye lokale. Den gjekk på hjul, men Marit prøvde å lyfta den over dørstokken. Det vart for tungt!

For Marit går arbeid og fritid litt over i ein annan. Sidan ho vart knytta til Brusdalsheimen i unge år, så er denne leirplassen eitt av hjartebarne hennar. Kvar haust lagar ho saft og syltetøy til julemarknaden som gir god inntekt til drifta. Poteter som dei dyrka på småbruket kjem også misjonen til gode.

Vennene fortel at Marit arbeider fort, og ho er glad i god mat. Julemiddagen er eit gastronomisk høgdepunkt for henne. Skal det vere fisk, så er klippfisk med tilbehør noko av det beste ho veit. Det einaste ho ikkje likar, er kokt flesk.

Marit likar å gå på tur, både i nærområdet og på fjellet. Ein gong drog ho og vennene på langtur, tog frå Oslo og vidare gjennom Sovjet med den transsibiriske jernbanen til Kina og enda opp i Hong Kong.

Marit er ganske beskjeden når det gjeld omtale av seg sjølv, men vennene framhever fleire verdifulle eigenskapar hos henne. Ho er pliktoppfyllande og nøyaktig i arbeidet sitt, omsorgsfull og sosial, flink og kreativ.

Vi forstår at Marit Vingen er ein heidersperson både på arbeidsplassen og i vennegjengen. Mange vil takke og gratulere med trufast teneste i misjonen gjennom førti år!




Tekst: Are Bakke



Foto: Privat

# Viktig milepel



## LEDER

Kjell Furnes

I disse tider finn vi fleire viktige årstal som markerer staten Israel si utvikling og situasjon i nyare tid. For ca. 120 år sidan samla Theodor Herzl jødane til den første sionist-konferansen i Basel. Den vart eit viktig steg fram til ein jødisk stat i gamle Jødeland. For 100 år sidan sette Balfour-deklarasjonen Herzls visjon ut i livet ved å anerkjenne det jødiske folks rett til ein nasjonalheim i forfedrane sitt heimland. For 70 år sidan forsterka FN denne visjonen ved å vedta ein resolusjon som støtta opprettinga av ein jødisk stat. For 50 år sidan skjedde det at Israel ved ein forsvarskrig frigjorde Jerusalem og staten på nytt kunne proklamerte byen som landet sin evige hovudstad.

Men la oss her sjå litt nærmare på det skjedde i 1948. Palestina-arabarane og nabolanda sa nei til FN sin resolusjon og gjekk til krig. På tross av ei lita og dårleg treningshæravdeling, og ikkje minst mangel på våpen, vann Israel krigen mot fire langt større hærmakter. Det vart David mot Goliat på nytt. Men arabarane ga ikkje opp. Det kom nye krigar som kosta Israel dyrt, men dei har vunne alle. I Eskl. 37 finn du profetien om beina i dalen. Eg ser det slik at dette er ein profeti for Israels opprettelse. Beina drog seg saman, og der kom sener, kjøt og hud over dei. Der vart skapt ein lekam, det skjedde noko meiningsfullt. Ein statsdannelse vart etablert. Men det har skjedd til «ein sterk lyd. Han vart til ein larm.» (v.7) Ja, sannleg har larmen frå den arabiske verden forsterka seg. Men Israel har opplevd

ei utvikling på desse 70 åra som ingen kunne tenkje seg. I dag stig det fram som den einaste demokratiske staten i Midt-Austen. Den har også blitt verdsleiande på fleire viktige områder. Vi kan nemne høgteknologisk utvikling innanfor jordbruk, vannforsyning, datasikkerheit, medisin, ja, sjølvkjørande bilar, for å nemne nokre. I tillegg har Israel blitt ein hjelper for andre nasjonar for det som gjeld terrorisme.

« Nær halvparten av verdens jødar har kome heim.

For den som har tillit til Bibelen som Guds ord er det ikkje vanskeleg å sjå at Gud står opp for sitt jordiske paktsfolk. Pakta til Abraham (1. Mos. 15) er ikkje gått ut på dato som mange meiner. Den er ei einseitig nådepakt som Gud skal fullføre uansett korleis Israel og nasjonane vil oppføre seg. I 1880 var der ca. 20.000 jødar i gamle Jødeland. I dag er der 6,8 mill. Nær halvparten av verdens jødar har kome heim.

La oss ta med avslutninga til statsminister Benjamin Netanyahu sin tale i FN den 19. sept. 2017. Han siterte frå Es. 42,6: « så vil jeg da gjøre deg til nasjonenes lys, for at min frelse må nå til jordens ende.» Og han fortsatte: « I dag, 2700 år etter at Esaia sa disse profetiske ord, er Israel i ferd med å bli en voksende makt blant nasjonane. Og endeleg, dets lys skinner over kontinentene og bringer håp og frelse til jordens ende.»

## ORGAN FOR SUNNMØRE INDREMISJON

### Heimemisjonen

Redaktør: Johan Halsne  
Postboks 7836 Spjelkavik,  
6022 Ålesund  
Tlf. 70 17 86 70  
Fax. 70 17 86 69  
Bankgiro: 3000.15.31235  
E-post: sunnmore@imf.no  
Internett: www.imf.no/sunnmore  
**ImF-UNG Sunnmøre**  
imfung-sunnmore.no

### Brudsalsheimen

Telefon: 70 27 45 53  
Bankgiro 3900.31.17255  
**Orreneset Misjonssenter**  
Telefon: 70 25 07 56  
Bankgiro: 4045.07.07211  
**Daggy barnehage**  
Telefon: 70 18 24 97  
Bankgiro: 3000.21.36682  
**Borgund Folkehøgskule**  
Telefon: 70 17 76 00  
Bankgiro: 8220.02.20788

### Møre Ungdomsskule

Telefon: 70 17 66 70  
Bankgiro: 8220.02.80287  
**Møre barne – og ungdomsskule Skodje**  
Telefon: 40 29 36 41  
Bankgiro: 3000.32.36796  
**Møre barne - og ungdomsskule Herøy**  
Telefon: 70 08 05 50  
Bankgiro: 3000.18.45655

### Begravelsesbyrået

**Sunnmøre A/S**  
Telefon: 70 17 86 60  
Vakttelefon: 90 86 38 56  
**Plussreiser AS**  
post@plussreiser.no  
Telefon: 70 17 90 00  
www.plussreiser.no  
**Radio Sunnmøre**  
Telefon: 70 15 41 00  
Bankgiro: 3900.21.10311  
www.radiosunnmore.no

# REISERUTA - våren 2018

## JOHAN HALSNE:

20.02: Follestadalen, 21.02: Åmdal, 25.02: Godøy, 25.02: Nerlandsøy, 27.02: Mannaklubb, 28.02-04.03: Rogaland, 06.03: styremøte, 07.-11.03: Valle, 14.-18.03: Tau, 20.03: Mannaklubb, 21.-25.03: Sørøbømlø, 29.03-01.04: Bibelkurs Valderøya, 02.04: Storsamling Borg, 24.04: Mannaklubb, 02.-03.05: Gursken, 07.05: styremøte, 08.-09.05: Misjonsråd, 10.05: Stemne Brusdalsheimen, 15.-20.05: Rogaland, 21.-31.05: Plussreiser, 08.-10.06: årsmøte, 12.06: Mannaklubb, 17.06: Langevåg, 17.06: Sykkylven bhf. 19.06: styremøte, 21.06: lederveiledning, 23.06-04.07: Plussreiser, 10.-15.07: Birkeland, 16.-22.07: Lyngdal.

## RANDI FAGERHOL LAUVÅS:

02.-03.03: Awana-konferanse, 08.02: Lederforum, 12.-15.02: Bildøy, 01.03: styremøte Daggrø, 02.-04.03: Ognatun, 05.03: Emble, 06.03: styremøte, 23.-26.03: Familieleir, 02.04:

Storsamling, 08.04: Ulsteinvik, 10.04: Frøystad og Remøy, 13.-15.04: Lederkonferanse, 20.-22.04: Kvinnehøg Orreneset, 04.05: Ellingsøy, 06.05: Skodje, 07.05: styremøte, 08.-09.05: Misjonsråd, 10.05: Stemne Brusdalsheimen, 08.-10.06: årsmøte, 14.06: Lederforum, 19.06: styremøte, 22.-25.06: leir, 05.-08.07: Frænabu.

## HILDE SOFIE BLINDHEIM

### ØSTREM:

23.-26.03: familieleir Orreneset, 02.04: Storsamling, 04.04: Giske, 11.04: Emble, 13.-14.04: Lederkonferanse, 21.-22.04: leir, 09.-10.06: årsmøte

## MATHIAS LINDGREN MULELID:

02.-04.02: Wintergames, 11.02: Ulsteinvik, 13.02: Møre u.skule, 02.-04.03: Skiweekend, 10.03: KonFu, 13.03: Møre u.skule, 23.-26.mars: familieleir Orreneset, 02.04: storsamling, 6.-8.04: KonFu, 13.-14.04: Lederkonferanse, 17.04: Møre u.skule, 18.04: Hundeidvik, 30.04: Blindheim, 06.05: Skodje, 08.05: Musk Herøy, 15.05: Møre

u.skule, 08.06: Vigra, 08.-10.06: årsmøte, 12.06: Møre u.skule, 28.06-01.07: Gutteleir

## JARLE BERLAND:

28.02-01.03: Eidsdal, 04.03: Sykkylven bhf. , 13.-17.03 : Berge, 18.03: Langevåg, 18.03: Brattvåg, 25.-27.04: Volda, 04.-06.05: Ulsteinvik.

## KJELL FURNES:

25.02: Blindheim, 06.-07.03: Hakallestranda, 09.-11.mars: Kristiansund, 21.03: Lepsøy, 25.03: Nerlandsøy, 08.04: Spjelkavik, 12.-15.04: Ulsteinvik, 29.04: Sykkylven bhf. 06.05: Godøy, 01.07: Langevåg.

## HILDE GJENGEDAL OG GUDRUN

### LONGVA:

18.02: Spjelkavik, 04.03: Østre Ellingsøy, 06.-07.03: Hjørungavåg

## ARVID ØDEGÅRD:

29.-30.03: Valle

## ODDRUN BJØRDAL:

01.03: Østre Ellingsøy

## KAI EVEN BJØRDAL:

20.05: Blindheim, 17.06: Godøya

## TOR INGVALD LAUVRÅK:

12.-22.04: Valderøya

## LINDA AUSTNES:

11.03: Godøy

## RUBEN LIE MONSEN:

11.03: Blindheim

## KARL ARNE AUSTNES:

01.04: Godøy

## ODDBJØRN BRAUNSTAD:

20.05: Godøy

## JOSTEIN MULELID:

28.02-01.03: Volda, 16.-18.03:

Sjøholt

## SOLFRID ULSTEIN RIISE:

21.03: Åmdal

## ANBJØRN WALDERHAUG:

01.-04.03: Tønnfjord og Slungstad,

13.-15.04: Giske, 25.03: Blindheim,

## PER SÆVIK:

25.03: Ulsteinvik

## HELGE DIMMEN:

20.03: Follestadalen

## LARS ERIK NESSETH:

25.03: Skodje

## ROBERT UGGEDAL:

11.-13.mai Giske

## OTTO DYRKOLBOTN:

02.-04.03: Skiweekend

## BJARTE VESETVIK:

23.-26.03: Familieweekend

### ÅRSMØTEHELG Ålesund Folkehøgskole

08.-10.juni

Tema: "Velsigna - til velsigning"

Talarar: Arild Ove Halås, Lydia Furnes og Jarle Berland

Desse blir med:

Kerysso - Sveinung Andersen m.fleire



Radio Sunnmøre

## RadioGiv 2018

13. og 14. mars



# KonFu på Sunnmøre


**KonFu er ImF-UNG Sunnmøre sitt konfirmasjonsarbeid som drives i samarbeid med NLM Ung region nordvest, Misjonssalen Ålesund og Emblem bedehusfor-samling.**

KonFu er et konfirmasjonsopplegg for konfirmanter på Sunnmøre som enten vil konfirmere seg på sitt lokale bedehus eller for de som ønsker et supplement til undervisningen de får gjennom annet konfirmasjonsopplegg. KonFu har stort fokus på det sosiale, at konfirmanter skal bli kjent med nye og oppleve et godt og trygt kristent fellesskap med gode og trygge ledere.

Med pastorer fra både Emblem bedehusforsamling og Misjonssalen Ålesund, barne- og ungdomsarbeider fra ImF-UNG Sunnmøre og

Ung leder fra NLM ung region nordvest, så blir undervisningen god for deltakerne når man kan dele undervisningen på så mange som kan snakke om det de kan best, og fordele det man ikke er like god som andre på. På denne måten så kan man i tillegg til å være sosial også nå målet til KonFu som er at konfirmanter skal lære mer om Jesus, bli bedre kjent med ham og vokse i troen. Dette skal skje gjennom god undervisning og gjennom gode relasjoner.

I år har det vært rekordstor påmelding på KonFu med over 30 konfirmanter. Det viser at arbeidet som drives er godt og folk hører om det fra andre og melder seg på. Nå nærmer det seg slutten for årets konfirmasjonskull, de har bare en lørdagssamling igjen og en avslutningsweekend på speiderhytten på Ørskogfjellet før selve konfirmasjonsdagen som avslutter konfirmasjonstiden.



Konfirmasjonslederne håper at dette året kan bli en start på en lang vandring i livet sammen med Jesus.



**Tekst:** Mathias Lindgren Mulelid



**Foto:** Privat



<p>Orreneset <b>FAMILIELEIR PÅSKE</b> 23.-26. Mars</p>	<p><b>5. - 7. klasse:</b> Orreneset 2.-4. Februar <b>WinterGames</b> Pris: 540 kr + 100 kr</p>
<p><b>2. - 4. klasse</b> Brudalsheimen Mini1: 10.-11. Februar Pris: 380 kr Mini2: 21.-22. April Pris: 380 kr</p>	<p>Brudalsheimen 16.-18. Mars <b>Tweensleir</b> Pris: 540 kr 22.-25. Juni <b>JENTELEIR (4.-7.kl)</b> Pris: 730 kr</p>
<p><b>8. - 10. klasse:</b> Orreneset 2.-4. Mars <b>SkiWeekend</b> Pris: 540 Kr + 100 kr</p>	<p>28.Juni-2.Juli <b>GUTTELEIR (5.-8. kl)</b> Pris: 830 kr</p>
<p><b>For påmelding:</b> <a href="http://www.imfung-sunnmore.no">www.imfung-sunnmore.no</a> <b>PÅMELDINGSFRIST: 2 DAGER FØR LEIRSTART!</b></p>	

## FAMILIELEIR PÅ ORRENESET

**PALMEHELGA**  
23.-26. mars 2018

Opplegg for små barn, store barn, ungdom og voksne kvar formiddag. Familiesamlingar og egne samlingar for store barn/ungdom om kvelden. Tid til skiturar og skileik kvar dag. Sosiale samlingar om kvelden.

Desse blir med:

Arild Ove Halås—andakter for voksne  
 Bjarte Vesetvik—andakter for barn

Hilde-Sofie Blindheim Østrem— førskulebarn  
 Mathias Lindgren Mulelid—store barn/ungdom  
 Randi Fagerhol Lauvås—leirsjef

**Priser:**  
 Vaksne 980,-    13.-17.år 790,-    8.-12 år 740,-    5.-7 år 550,-  
 Barn under 5 år gratis    Maks pr. familie 3500,-

**INFO:**  
 Facebook: imf-ung sunnmøre  
[imfung-sunnmore.no](http://imfung-sunnmore.no)  
 Tlf 70178670 / 70178673



## PÅSKEMØTE VALDERØY BEDEHUS

29.mars - 01.april

Talar: Johan Halsne m.fleire

Tema: "Godt nytt frå Jerusalem"

### Skjærtorsdag:

kl. 11.00: Brødsbrytelse  
v/Anbjørn Walderhaug  
kl. 19.30: Song av Tor Rødseth  
m.fleire

### Langfredag:

kl. 18.00: Bibelfokus  
kl. 19.30: Påska i ord og tonar  
med Mikael Jarlestrand

### Påskeaftan:

kl. 18.00: Bibelfokus  
kl. 19.30: Møte

### 1.påskedag:

kl. 11.00: Møte



**VELKOMEN!**

Arr. Valderøy Indremisjon og Sunnmøre Indremisjon



## STORSAMLING

Ålesund Folkehøgskole  
2. april kl. 12.00



Arild Ove Halås



Mikael Jarlestrand

**TALAR: ARILD OVE HALÅS**

**SONG AV MIKAEL JARLESTRAND**

**BARNEOPPLEGG V/IMFUNG SUNNMØRE**

**NATTVERD**

**KOLLEKT**

**SALG AV MIDDAG OG KAFFI ETTER MØTET**

Velkomen frå heile Sunnmøre!

Sunnmøre Indremisjon

*Velkomen til kvinnehelg  
på Orreneset 20.-22.april*



*Tema:*

*I POTTEMAKAREN SI TT HUS*

*Leira i pottemakeren si hand*

*På dreieskiva*

*Det knuste karet*

*Eit kar til Guds ære*

*Talar : Randi Fagerhol Lawvås  
Sang og musikk laurdag kveld ved  
Rose Iren Stave og Kathrine Numme*

Velkomen til


## STOR SONG OG MUSIKKHELG

på Thon Hotell, Fosnavåg

31.august - 02. september 2018

Gjennom helga får du vere med på 6.samlingar med ulike tema og innhald som:  
"Songen om fridom" "Lovsongen" "Songen om natta" og "Songen om håp"

**SETT AV HELGA!**



Desse blir med: **Emilie Lindberg** (Sverige) - Fyrliset (kvartett frå Færøyane) -  
**Mette og Roger Sørensen** - Sveinung Kristiansen - Valderøykvartetten - Tor  
Rødset med band - Synnøve og Vegard Voldsund

Appell ved **Johnn R. Hardang** frå kristen riksradio P7

Prisar for overnatting i dobbeltrom fredag - søndag med alle måltid kr. 2750,-pr.person  
(lunch søndag kr. 100,- i tillegg)  
1.døgn kr. 1590,- med middag, lunch og frukost.

Påmelding for overnatting til Plussreiser  
Tlf. 70179000 eller e-post: post@plussreiser.no før 01.06.2018  
Kontaktperson: Johan Halsne tlf. 90642479 eller e-post: j.halsne@imf.no



Arr. Sunnmøre Indremisjon, P7 og lokal komité

